# KS Folkevaldprogram

27

*Voss herad, 15.oktober 2024*

23

*Martin Skramstad*
*Gjertrud Sanderød*

KS

# Dagens plan

1. Eitt år etter valet – korleis har det vore så langt?
2. Kvardagen som folkevald
3. Eitt lag med felles oppdrag – samarbeid mellom politikk og administrasjon
4. Praktisk

23 ⌣ 27


HERADSHUSET
A convenient place to sleep
Hostel
HERADSHUSET
A convenient place to sleep

23 ～ 27

# Eitt år etter valet, status

Tenk for deg sjølv – korleis har perioden vore så langt?

- *Har det stått til forventningane?*
- *Har det vore nokon overraskingar?*
- *Kva ser du fram til?*



*Foto: Visit Voss*

# Eitt år etter valet, status

*Reis deg opp og finn ein som du ikkje har snakka så mykje med og del erfaringane dine*

Foto: Visit Voss



# Eitt år etter valet – korleis har det vore så langt?

- Tommy Mo Aarethun, Ap
- Erik Flage, H
- Margrethe Alm, SV

# Forventningar?

- Kva er viktig for deg å få snakka om i dag?

Gå til menti.com | og bruk koden 3196 7319

## Rollene til folkevalde

Ombodsrolla | Styringsrolla | Arbeidsgjevarrolla | Leiarrolla

Folkevald leiarskap





## Kvifor involvera lokalsamfunnet?

- Informasjon
  - for betre avgjerder
- Forankring og tillit
  - ved å lytta, ta omsyn til, avgjera
- Læring
  - ut frå ønske og behov, og for å gjera prioriteringar



Foto: KS

## Kva kan påverka kulturen i kommunestyret?

- Politisk klima
- Rolleklarleik
- Informasjon
- Ordføraren/møteleiaren si rolle
- Reglar for saksbehandling i folkevalde organ
- Politisk organisering
- Fysiske rammer





Foto: Siv Dolmen

## Nokon gangar er skiljet tydeleg



# Rolla til dei folkevalde

# Rollene til folkevalde





Tilsett i Heimetenesta



Pårørande på sjukeheimen



Samfunnsengasjert innbyggjar

# Folkevald leiing i praksis

Kven set dagsorden i vår kommune?

Kva saker vert lagde fram til politisk behandling?

Sakslista skal setjast opp av ordføraren, men kva skjer i praksis?



Foto: Siv Dolmen

# Korleis få ei sak på dagsorden?

- Retta ein førespurnad til leiaren i møtet
  - Spørsmål
  - Interpellasjon
- Fremja alternative forslag til vedtak
- Krevja å få ei sak på saklista, ekstra heradstyremøte
- Verbalframlegg til budsjettet
- Heradstyret/utvala som politiske verkstader

- Har du andre metodar?



*Foto: Siv Dolmen*

Voss herad

Kvardagen som folkevald

# Grunngjevne spørsmål og interpellasjonar

- Vedtak frå HST 13. juni 2024:

4. Arbeidsgruppa for politisk organisering held fram arbeidet med å revidera politisk organisering når det gjeld interpellasjonar og grunngjevne spørsmål. Arbeidsutvalet vil koma attende med ei sak på ei ev. endring til heradsstyret. I tillegg skal arbeidsutvalet kome med eit forslag til møteplan 2025 og ta stilling til om ein skal leggje politiske møter i større grad til dagtid. Møteplanar og årshjul vil bli lagt fram av ordførar og utvalsleiarar i siste møtebolk for 2024.

Voss herad

Kvardagen som folkevald

# Grunngjevne spørsmål og interpellasjonar




- Dagens reglement →
- MERK:
  - I Voss herad skil me mellom interpellasjonar som opnar for ein avgrensa debatt og kan munne ut i eit vedtak kor ein ber om ei sak, og grunngjevne spørsmål som er avgrensa spørsmål til møteleiar frå ein representant.

### Interpellasjonar

Interpellasjonar er prinsipielle spørsmål der interpellanten eller svarar kan fremja framlegg som skal takast opp til votering. Slike framlegg blir gjerne vedteke sendt til ein annan kommunal instans for utgreiing og vidare behandling. Til vanleg vil heradsstyret sende slike framlegg til formannskapet, og at formannskapet tek stilling til vidare sakshandsaming.

Ein interpellasjon vert fremja skriftleg av ein representant overfor ordføraren minst ei veke (kl. 15:00) før heradsstyret sitt møte. Det vanlege er at interpellasjonar blir sendt ut som tilleggssaker før heradsstyremøte. Interpellant og svarar får ordet to gonger kvar, taletida er avgrensa til 3 minuttar for kvart innlegg. Andre talarar kan få ordet ein gong kvar, taletida er avgrensa til 2 minuttar.

### Grunngjevne spørsmål

Grunngjevne spørsmål er førespurnadar som gjeld konkrete tilhøve, og skal fremjast skriftleg av ein representant overfor ordføraren innan tre kvardagar (kl. 12:00) før heradsstyremøtet. Det er vanleg at representanten får ordet for å leggje fram spørsmålet sitt, og deretter får svararen, som regel ordføraren, ordet til svar. Spørjaren får høve til tilleggsspørsmål og svararen får tilleggssvar. Taletida er avgrensa til 2 innlegg kvar à 3 minuttar. Det vert ikkje fremja framlegg i samband med grunngjevne spørsmål. Andre enn spørjar og svarar får ikkje delta i ordskiftet i samband med grunngjevne spørsmål.

Voss herad

Kvardagen som folkevald

# Grunngjevne spørsmål og interpellasjonar

- Grunngjevne spørsmål og interpellasjonar er viktige for å ta i vare retten ein har til å ta opp spørsmål til møteleiaren.
- Samstundes:
  - Det er ikkje slik ein i hovudsak får løfta fram ei politisk sak.
  - Grunngjevne spørsmål og interpellasjonar har tydelege svakheiter.
  - Me er no kome til eit punkt kor me er nøydt til å stramma inn praktiseringa av våre reglar for for heradsstyret si handsaming av interpellasjoner og grunngjevne spørsmål.
  - Det viktigaste me gjer i møta våre er å handsama forsvarleg utgreia saker.

## Kvardagen som folkevald

# Grunngjevne spørsmål og interpellasjonar

- Arbeidsutvalet for evaluering av politisk organisering (Norunn INP, Iril H, varaordførar Ap og ordførar Sp) sine vurderingar så langt i prosessen:
  - Vurderar å ta ned tida til 2 minutt for grunngjevne spørsmål og svar.
  - Vurderar å setja av maksimal tid for handsaming av interpellasjonar og grunngjevne spørsmål til 20 minutt.
  - Vurderar å ha ein realitetshandsamingdebatt før handsaming.
  - Vurderar å presisera i reglementet at ein ikkje kan fremja interpellasjonar som er knytt til saker som allereie står på sakslista.
  - Ev. endringar i det politiske reglementet vil koma som ei eiga sak til heradsstyret.



Kvardagen som folkevald

# Grunngjevne spørsmål og interpellasjonar

- **Korleis ein i hovudsak bør arbeida for å påverka politisk:**
  - Planstrategi - Set deg inn i kva for overordna planar og strategiar som skal opp til behandling, og når dei skal handsamast.
  - Kommuneplanen - Samfunnsdelen av kommuneplanen er den overordna, strategiske planen. Denne planen trekkjer opp dei lange linjene, men kan også innehalde satsingar for valperioden.
  - Tenk heilskap - Det vil ofte vere fornuftig å fremja dei sakene du vil ta opp, i samband med arbeidet med budsjettet eller økonomiplanen.
  - Gode prosessar - Ein god avgjerdsprosess involverer også ofte innbyggjarane før det blir gjort vedtak.
  - Forankring - Start saker i fagutvala, Levekår, Klima, miljø og beredskap og Kultur og Næring. Det krev samarbeid!
  - Synleggjer utfordringa - Skap engasjement rundt saka ved å nytte media. Lesarinnlegg, meldingar til avisa i forkant av møtet eller pressemeldingar.

## Snakk saman

Korleis skal vi få våre saker til politisk handsaming?

Del dine tips og råd på bordet.

# Sammenhengen mellom dei sentrale planane

| | | |
|---|---|---|
| Mål og strategiar for samfunnsutviklinga | → | Kommuneplanen |
| Dette skal me løysa langsiktig på denne måten | → | Økonomiplanen |
| Dette skal me løysa kortsiktig på denne måten | → | Årsbudsjettet |
| Dette vart resultatet | → | Årsberetning og årsrekneskap |

# Kommuneøkonomi: Kva kan dei folkevalde påverka?



- Budsjettprosessen
- Skattenivå
- Investeringar
- Tjenestetilbod og ressursfordeling
- Samarbeid og partnarskap
- Politisk styring og kontroll

# Eit samarbeid prega av respekt og tillit er ein føresetnad for god styring

**Dei folkevaldes rolle i økonomistyringa**

- Forma ut politikken, prioritera og gjera vedtak med økonomiske konsekvensar
- Ivareta det overordna ansvaret for kommuneøkonomien
- Følgja opp eventuelle budsjettoverskridingar, avvik og uventa hendingar som blir melde frå kommunedirektøren

**Administrasjonens rolle i økonomistyringen**

- Følgja opp og setja i verk prioriteringane og vedtaka som blir vedtekne av dei folkevalde
- Ha det daglege, operative ansvaret for kommuneøkonomien
- Ivareta eit sjølvstendig ansvar for å varsla dei folkevalde ved fare for budsjettoverskridingar, avvik, og uventa hendingar

# Gode råd for budsjett- og økonomiplanarbeidet

- Tidleg folkevald medverknad
- Årshjul
- Rolleavklaring
- Oppdaterte planar
- Rapportering
- Dialogkonferanse
- Rammekonferanse
- Støtte til partigruppene

TELEMARKSFORSKING

KS FoU

FoU-nummer 244061

Rapport 887

**«Kunnskap gir trygghet, trygghet gir tillit og tillit gir resultater»**

Tiltak for bedre folkevalgt styring av kommunale budsjettprosesser

Bent Aslak Brandtzæg, Erik Magnussen, Rebekka Svartebekk Myhrer

Voss herad

Eitt lag med felles oppdrag

# Politisk plan for budsjett- og økonomiarbeid

- Ap, Sp og SV har laga ein tidsplan for arbeidet med budsjett og økonomiarbeid, og deler gjerne den med dykk.
- Legg opp til dialog med alle parti etter at partia har lagt fram sine budsjettforslag i Finansrådet 25. november.

## Plan for politisk budsjett- og økonomiarbeid 2024

### Raudgrøn overordna tidsplan

| Dato | Kva | Kven | Kor |
|---|---|---|---|
| **14. oktober**<br><br>**21. oktober** | Budsjettmøte partigrupper (sender innspel til kvarandre i raudgrønt)<br><br>Budsjettmøte partigrupper (diskuterer innspela frå dei andre i raudgrønt før me går i fellesmøte + legger til nye forslag som er arbeidd fram i mellomtida) | Heradsstyregruppene individuelt<br><br>Heradsstyregruppene individuelt | Tinghuset |
| **21. oktober** | Raudgrønt dialogmøte i samband med budsjettarbeidet | Raudgrøn heradsstyregruppe | Tinghuset |
| **22. oktober** | Fyrste runde med fellesframlegg, konkretisering av innspela frå felles gruppemøte. Verbalpunkt, prioriteringar, innsparingar og investeringar – sende fyrste utkast av fellesframlegg til gruppene | Raudgrøn arbeidsgruppe | Teams/Tinghuset |
| **28. oktober** Dette møtet kan falle vekk om det ikkje er behov for å møtast. | Andre runde med fellesframlegg, arbeide vidare med innspela frå gruppene. Verbalpunkt, prioriteringar, innsparingar og investeringar – sende andre utkast av fellesframlegg til gruppene | Raudgrøn arbeidsgruppe | Teams/Tinghuset |
| **7. november** | **Presentasjon av rådmannen sitt budsjettframlegg og økonomiplan + arbeid med dette** | **Finansråd/FPL** | **Tinghuset** |
| **11. november** | Lage konkret utkast som skal på siste runde hjå partia. | Raudgrøn arbeidsgruppe | Teams/Tinghuset |
| **18. november** | Fastsetje fellesframlegg som skal leggast ut på høyring i FPL 25. november | Raudgrøn arbeidsgruppe | Teams/Tinghuset |
| **25. november** | **Budsjettmøte Finansråd og FPL – politisk budsjettet skal ut på høyring** | **Finansråd/FPL** | **Tinghuset** |
| **25. nov - 17. des** | Gå i dialog med andre parti om budsjettsaker som ein ynskjer å arbeide inn | Gruppeleiarar, ordførar og varaordførar | |
| **17. desember** | **Budsjettmøte** | **Heradsstyre** | |

VOSS

23 27

# Lunsj!
# Tilbake kl.12.15

# Korleis skal vi samarbeide på tvers i heradstyret?

Bedre dialog mellom partia

Samarbeidsklima

Det har til tider vore unødig skarp tone på talarstolen. Dette bør ein framover freiste å unngå

Korleis koma fram til gode løysingar på tvers av partigre sene

-Korleis snakka til og om kvarandre. - Omdømebygging.

Korleis forbetra det tverrpolitiske samarbeidet i heradet

Samarbeide på tvers til det beste for heradet.Sosialpolitikk og ikke så mye populærpolitikk.Kommune økonomi.

KS

23 27

# Kvifor er kulturen i heradstyret så viktig?

Ein god kultur er viktig for eit godt lokaldemokrati.
Ein god kultur er også avgjerande for eit godt samspel mellom dei folkevalde og med administrasjonen.

# Kva bør heradstyret vera ekstra oppmerksomme på?

- Å ha respekt for kvarandre
- Å halda seg til saken
- Å gi rom for god humor
- Å diskutera sak og ikkje person
- Å gi berettiga ros
- Å la alle sleppa til
- Å søkja kompromiss i store saker
- Andre forhold?



23 ‿ 27

# Kan ordførar/møteleiar skapa eit godt møte?

- Ja, men ikkje aleine
  - Passe formell stil – passe effektiv
- Godt førebudd
- Ordførar for heile heradstyret
- Sørgja for at fleirtalet sin vilje kjem til uttrykk gjennom vedtak
- Omforente vedtak



# Kva betyr dette i praksis hos oss?

| Formelle rammer | Uformelle rammer | Fysiske rammer |
|---|---|---|
| • Møtetidspunkt (dag, kveld osv)<br>• Korleis  er sakslista sett opp?<br>• Debattklima<br>• Vedtaksmøte eller politisk verkstad? | • Helsar me på kvarandre når me kjem?<br>• Kjem me i tide?<br>• Snakkar me saman i pausame på tvers av partia?<br>• Er det felles spising? | • Møtelokalet<br>• Møblering i rommet<br>• Ventilasjon og lys<br>• Universell utforming i lokala og tilkomst |



Foto: Siv Dolmen

# Korleis skal vi samarbeide best mogleg i heradstyret ?

Ta en runde bordet

Kom opp med 3 gode ideer.

Ordstyrar er den som la seg sist ☺


SNAKKE SAMAN I GOD TID
FOLKESKIKK OVE NORM
ROS KARANDRE
Lytta og lettare
fa inn argument
frå andre parti
Høfleg/Sakleg
Positiv
Begynne med mat.
halv time før Møtet
Vorspiel
Blanke ark
Dialog mellom
parti mellom
møta i
store saker
Fokus på det beste for Heradet
Evaluering internt i partia vedrørande samarbeidskultur
ØYDELEGE RAMMEN I MØTENE
1. Åpenhet
= meir forståelse
Helse på de du møter.
-Folkeskikk over norm
-Respekt for ulike syn
Språkbruk
Unngå fleire tunge saker på same møte.
Flytte møtestart til 12
Førebudd. Dele forslag på forhånd med andre parti.
Gode og Grundige diskusjonar
Tenke sak ikkje person! (Parti)
Helsa på kvarandre.
Lytte
2. Uformelle samtaler på tvers av partiene
Alle må tåle objektiv ned-klubbing frå ordfører
3. Det og skilja sak og person
BYGGE GODE RELASJONAR.
OPEN OG NYSJERRIG.

23 ~ 27

# Eitt felles lag med felles samfunnsoppdrag

Bygge respekt og forståelse mellom politikk og administrasjon

Korleis sikra godt samarbeid mellom politikarar og adm.

Tillit mellom folkevalde og administrasjonen er avgjerande for å spela kvarandre gode. Ville kvarandre vel, for forstå at begge nivå jobbar mot same mål, det beste for innbyggjarane

korleis skapa eit konstruktivt og godt samspel mellom politikk og administrasjon

Samspelet mellom politikk og administrasjon.

# Eitt lag med felles oppdrag – ulike roller

Folkevalde og administrasjonen må spela på lag for å løysa kommunen sitt samfunnsoppdrag.

Eit godt samspel krev gjensidig respekt og aksept for kvarandre sine roller. Tillit er heilt sentralt.

Spel kvarandre gode!

# Skiljet mellom politikk og administrasjon

## Ansvaret er tydeleg i lova




## Rollefordelinga må avklarast




23 27



# Ordføraren som bindeledd

- Vera ordførar for heile heradstyret
- Leggja til rette for folkevald leiarskap, setja opp saklista, møteleiar
- Leiar av den politiske arenaen
- Viktig kulturbyggjar og rollemodell

*Foto: Scanstock*

# Rådmannen som bindeledd

- Omsetjarrolle
- Fagleg autoritet vs. politisk lojalitet
- Informera
- Leggja til rette for folkevald leiarskap
- Synleggjera handlingsrommet for dei folkevalde

23 ⁀ 27





# Politiske og administrative dilemma

- Administrasjonen skal forstå politikk, men ikkje vera politikarar
- Administrasjonen kan ha mykje definisjonsmakt
- Folkevalde skal ha god nok kunnskap om saker, men ikkje for tett på
- Det politiske skjønnet kan vera ulikt dei faglege vurderingane
- Kva er det beste faglege rådet, eller er det bakt inn litt politisk skjønn?

23 ⌣ 27

*Foto: Shutterstock*

# Case: Skjønnmålar situasjonen

I Sandvik pågår det ein større diskusjon om kommunen  si eldreomsorg. Det er viktig å få fakta på bordet, og kommunestyret har bestilt ein tilstandsrapport som ser nærare på kvaliteten og korleis dei tilsette opplever arbeidskvardagen sin.

Rapporten har oppløftande resultat: Det er generelt høg kvalitet i eldreomsorga i Sandvik og dei tilsette trivst i stor grad i jobben. Samtidig viser også rapporten at kommunen har forbetringspotensial på enkelte område.

Under behandlinga i kommunestyret tar ein representant ordet og meiner at rapporten «skjønnmålar situasjonen» ettersom fleire ho har snakka med, både brukarar, pårørande og tilsette, fortel ei anna historie om kommunen si eldreomsorg. – *Eg vil vita kvifor administrasjonen ikkje fortel oss heile sanninga*, vert det sagt frå talarstolen.

Kommunedirektøren meiner at tilstandsrapporten viser det faktiske bildet, sjølv om han forstår at enkelte tilsette kan meine noko anna.

**Korleis ville de ha håndtert denne situasjonen?**

# Praktisk

- Møteplan 2025
- Tema/orienteringar i 2025

Voss herad

Praktisk

# Møteplan 2025

- Arbeidsgruppa for evaluering av politisk organisering har sett på utkast til møteplan.
- Forfall må grunngjevast.
- Punkt å merka seg:
  - Ynskjer å setja opp to temadagar/orienteringsdagar for HST utan sakshandsaming, 09.00-15.00
  - UKN tysdagar, LEV+UKMB onsdagar
  - HST i desember startar 09.00
  - FR blir kalla inn i mars, juni og november frå 09.00-12.00 med påfølgjande FPL frå 12.00



VOSS

Praktisk

# Møteplan 2025

- Arbeidsgruppa ynskjer innspel i frå dykk på kva som er det beste tidspunktet for møtestart i HST.
- Ranger dei fire tidspunkta i den rekkefølga som visar din preferanse for møtestart.
- OBS! Berre folkevalde som skal delta her ☺
- Det er fleirtalet i HST som vedtar møteplanen.

- **menti.com - 32 31 95 2**

Voss herad

Praktisk

# Tema og orienteringar 2025

- Ordførar set opp forslag til Årshjul for både FPL og HST. Desse blir vedtekne av eit fleirtal i HST.
- Ordførar ynskjer innspel til tema og orienteringar ein tenkjer det er føremålstenleg å setja opp til neste år.
- Her skal <u>både</u> folkevalde og administrasjon delta ☺
- **menti.com – 68 74 83 73**






# Evaluering av dagen

- **menti.com – 32 82 97 81**
- Her skal både folkevalde og administrasjon delta.

23 27

# Takk for oss

KS ønskjer alle lukke til!